

Vedtaksorgan Skriv her

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Samfunnsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Orientering om framdrift på forstudie om Gloppen som cruisedestinasjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Gloppen har i «Strategisk næringsplan 2025-2033» vedteke at det skal jobbast for å utvikle cruiseturisme i Gloppen, og at det skal avklarast om det skal etablerast ei fast cruisehamn.

I vedtaket av Strategisk næringsplan har kommunestyret bestemt følgjande:

«Etablere Gloppen som cruisehamn

Oppdraget

Gloppen kommune ønskjer å etablere seg som ein attraktiv destinasjon for cruiseturisme.

Innan utgangen av 2025 er det avklart om Gloppen blir etablert som fast hamn for cruisebåtar. Sentral aktør i arbeidet er Nordfjord Hamn, i samarbeid med mellom andre reiselivsbedrifter, lokal handelsnæring, Nordfjord Folkemuseum og Visit Nordfjord. Gloppen kommune tek del i arbeidet. Kommunen skal i eiga sak vurdere dei samfunnsmessige konsekvensane av ei ev. etablering av Gloppen som cruisehamn.

Mål og tiltak blir innarbeidd i Tiltaksplanen for 2025 - 2026.

Arbeidet er i gong ultimo 1. kvartal 2025.»

Ved oppfølging av vedtaket i 2025 har kommunedirektøren involvert Nordfjord Havn IKS, som forvaltar og administrerer anløp til hamnene i Gloppen, Stryn og Kinn kommune. Nordfjord Havn har gjennomført grunnundersøkingar for to moglege lokaliseringar av cruisekai (djupvasskai) ved Sandane, på Øyrane og i Sandane sentrum. Ut i frå grunnforholda er det førebels vurdert som teknisk mogleg å bygge ei djupvasskai.

Nordfjord Havn har ikkje gjort vedtak om vidare planlegging av eller investering i cruisekai i Gloppen. Dei ønskjer eit politisk vedtak frå Gloppen kommune før dei tek stilling til dette spørsmålet.

Forstudie om Gloppen som cruisedestinasjon

På bakgrunn av kommunestyret sitt oppdrag i Strategisk næringsplan om at *«kommunen skal i eiga sak vurdere dei samfunnsmessige konsekvensane av ei ev. etablering av Gloppen som cruisehamn»*, har Gloppen kommune med støtte frå Nordfjord Havn IKS innhenta ekstern konsulent til å gjennomføre ein forstudie.

Forstudien skal vere eit kunnskapsgrunnlag for kommunestyret si avgjersle om vidare satsing på cruiseturisme, og skal i hovudsak vurdere samfunnskonsekvensar med utgangspunkt i to scenario for vidareutvikling av cruisedestinasjonen. Det eine scenarioet inneber å halde fram med å ta i mot båtar på tender og utvikle attraktive reisemål som kan tiltrekke seg cruiseturistar frå andre hamner i Nordfjord. Det andre scenarioet inneber bygging av eit nytt fullskala hamneanlegg for cruisebåtar med stort volum. Andre moglegheiter og scenario kan også synleggjerast i forstudien.

Status og framdrift for arbeidet med forstudien

Mimir AS, som er eit etablert konsultentselskap innan reiseliv, fekk oppdraget med å utarbeide forstudien i mars 2026. I løpet av våren har konsulenten jobba med innsikts- og kunnskapsinnhenting. Den 8. mai vart det gjennomført eit digitalt medverknadsmøte med ungdomsrådet, sidan dette var deira siste oppsette møte før sommaren. Det vart vidare gjennomført synfaring saman med konsulenten i samband med det eine cruiseanløpet til Sandane i 2026, den 30. juni.

Forstudien vil bli presentert for kommunestyret i møtet 16. september, og det vil bli invitert til eit ope medverknadsmøte på kveldstid same dag.

Endeleg rapport skal vere ferdig seinast i slutten av oktober 2026. Etter at rapporten frå forstudien er levert vil kommunedirektøren førebu ei sak for kommunestyret om vegval for vidare satsing på cruiseturisme i Gloppen.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering, saman med den munnlege presentasjonen.